



Denne enkle slepertskekaren frå 1950-talet, som blir degen av ein klassisk Ferguson «gråtass», var forløparen for dei sjølgåande skurtreskarene vi ser i dag. Det var mange arbeidskrevjande operasjonar i tradisjonell korndyrking, ikkje minst under høstinga. Når kornet sto modna og gul, skulle ein i godt vær først slå åkeren med slåmaskin og meiseapparat, deretter binde kornbønd, dra dei på staur til tørk og endelig kjøre kornet inn for tresking. Sløbbindaren vart brukt i ein mellomperiode. Men med mindre folk på gardane vart også denne for arbeidskrevjande. Vallet sto til slutt mellom å slutte med korn eller å investere i skurtreskar.

til skurtresking. Dessutan var det best om åkrane var relativt flate, slik at skurtreskaren kunne koma fram utan fare for liv og lemmer. Dette var med på å flytta kornproduksjonen vekk frå brartlente bruk i dalsidene. På få år vart små åkerlappar rundt i landskaper i skifte med gras, grøn-fôr og poteter avløyste av store, gule flater i kornområda og tilsvarande grønne grasmarker i husdyrområda.

Låvebygningane vart i starten av traktoriseringa stort sett berre ombygde og tilpassa dei nye driftsformene. Låvebrua vart forsterka, ein eller fleire fârnslolar vart bygde, og det vart gjort rom til breiare og høgare utstyr. På NILH vart dei komande fylkesagronomane i tekniske lag opplærte i å teikne heiselåvar i første halvpart av 50-talet, men desse låvane vart lite utbreidd. I Trøndelag vart nye driftsbygningar emno på femtitalt bygde i to etasjar etter dei same prinsippa som før med fôrtrom i andre høgda og gjødselrom i kjellaren. Men behovet for lagerplass for stråfôr

vart kraftig redusert ved overgangen til snufôr. Dermed vart andre etasje med låvebrua overflødig, og byggekostnadene kunne redusert. På Austlandet kom dei første driftsbygningane i ein etasje med flat silo på 1950-talet, men den store overgangen i helle landet skjedde først på 1960-talet.

Det nye tekniske utstyret gjorde arbeidet farlegare enn før. Låvebrua som hadde overlevd frå hestens dagar, var både smal og bratt og særleg sleip og farleg i regnyr. Bønder som lærte seg å kjøre traktor i godt vaksen alder, var heller ikkje alltid så varsame og snare i snuen som nødvendige. Dødsulykker med traktor eller skurtreskar var ein pris nærvinga måte betala for moderniseringa. Tronge driftsbygningar glatte låvebruer og bratt lende var slett ikkje alltid godt tilpassa den nye maskinida. I femtiåra var det heller ikkje vanleg med fôrarhus eller fôrvarern på traktorane.

STATLEGG REGULERING MED GASS OG BREMS

Regjeringa hadde store styringsambisjonar for etterkrigsjorbbruket. På noen område vart den teknologiske utviklinga stimulert, på andre område måtte knappe gode rasjonert. Slik var det i ein periode med samtidig og vekselvis bruk av gass og brems. Tilgang og pris på kraftfôr og kapital vart nøkkelfaktorar i den økonomiske landbrukspolitikken.

Små bruk blir større med kunstgjødsel og kraftfôr

Kraftfôr og kunstgjødsel var godt kjent i mellomkrigsstida, men relativt lite bruka. Dyra fekk mest høy dyrka på naturgjødsla eng og kraftfôr av heimeavla korn tilsett fiske- eller sildemjøl. I 1935 kom $\frac{2}{3}$ av beiføret frå utmarksbeite. Krigsåra vart det store spranget framover for bruken av nitrogengjødsel. På grunn av mangelen på kraftfôr vart det mye om å gjera å auke grasproduksjonen. At Norsk Hydro var eit norsk selskap, gjorde sitt til at bruken av kunstgjødsel auka etter krigen. Det tronet ikkje hard valuta til å kjøpe nitrogendelen av fullgjødsla, men kalium og fosfor måtte innførast. I den første etterkrigsperioden då nasjonalisme var ei felles sak for helle nasjonen, vart Hydros logo og nasjonale profil med vikingskipet på gjødselselkene ein effektiv reiskap i marknadsføringa. Som vi skal sjå, førte auken i bruk av kunstgjødsel til sterk framgang i korn- og grasavlingane.

Den sterke auken i bruk av kunstgjødsel og kraftfôr gjorde små bruk større som leveveg. Mange små bruk med lite dyrka jord kunne på denne

måten utvide husdyrholdet. Særleg dei kraftfôrkveivande produksjonane fjørfe og gris, som i mellomkrigstida vart kalla smånæringar, spreidde seg med hjelp av kraftfôret til mindre bruk og distrikt utan kornproduksjon. Forbruket av kraftfôr auka med 50 prosent berre i femniåra. Til forskjell frå nitrogengjødsla¹ vart ein større del av kraftfôret innført. Avhengig av kornhausten varierte innblandinga av norsk korn i kraftfôret frå 40 til 60 prosent. Det meste av proteinkraftfôret, om lag 80 prosent, vart innført. Skulle mjølkekyrne makte den auken i avdrått som det vart lagt opp til, måtte dei i tillegg til kraftfôr ha grovfôr frå dyrka kulturbeite og kunstgjødsla eng.

Kraftfôrpolitikken vekte politisk strid i den første etterkrigstida. Her markerte både Arbeidarpartiet og dei borgarlege partia dei ideologiske standpunkta sine i jordbrukspolitikken. Alle var samde om å basere husdyrproduksjonen så langt som råd på heimeavla, norsk fôr. Kraftfôret var eit supplement som bruk med eit dårleg grovfôrgrunnlag hadde særleg nytte av. Det vart erkjent at landet enno hadde eit stort behov for import av fôrvarer. Særleg galdt dette protein til høgtryande mjølkekyr og til fleske- og eggproduksjonen. I 1930-åra hadde det vore nødvendig å legge avgift på kraftfôr for å hindre overproduksjon. Men på grunn av auken i folketal og kjøpekraft etter krigen var det i dei første etterkrigsåra rom for auke i husdyrproduksjonane. Dessutan hadde forsynings situasjonen under krigen vist at det var nødvendig å ha eit beredskapslager av kraftfôr i påkomande tilfelle.

På bakgrunn av diskusjonen om kraftfôrpolitikken nemnde Landbruksdepartementet opp ein kraftfôrkomité, som la fram innstillinga si i april 1949. Fleirtalet foreslo eit statleg monopol på import og omsetning av kraftfôr. Formannen i landbrukskomiteen, Olav Oksvik, hadde vore formann, og daværande direktør John Ringen i Norges Vel var sekretær. Mindretalet på to, som representerte Felleskjøpet og dei private grossistane, var imot statleg monopol. Fleirtalet såg to viktige grunnar for å innføre kraftfôrmonopol. For det første var det viktig å ha kontroll med lagring og omsetning av beredskapsgrunnar, slik at ein slapp å improvisere i ein krisesituasjon. Komiteen foreslo å bygge opp ein desentralisert lagerkapasitet som svarta til eitt års forbruk. For det andre var kontroll med pris, kvalitet og omsetninga av kraftfôr eit viktig verktøy i produktionsulpassinga. Ved å regulere tilgangen på kraftfôr vona ein å hindre overproduksjon av husdyrprodukt. Komiteen rekna ikkje med at monopolet ville føre til endringar i prisane på kraftfôr, ettersom staten i alle tilfelle måtte leige lagerkapasitet hos fellelskjøpa og dei private grossistane. I stortingsdebatten markerte Arbeidarpartiet at dei ville regulere fôrmarknaden, mens dei borgarlege partia, særleg Høgre og Venstre, var skeptiske til statleg regulering. Kraftfôrmonopolet vart gjennomført ved lov av

23.2.1951.² I lova vart det òg heimla rett til å kveiva inn kraftfôravgift for å «fremme produksjon og omsetning av jordbruksvarer». Administrasjonen av kraftfôrmonopolet vart lagt til Statens kornforretning.

For å stimulere dyrkinga av norsk korn vart det alt i mellomkrigstida gitt ein overpris på norsk korn og ei korntrygd til bruk av eige korn. Frå 1934 vart det betalt ein overpris på kveite, men denne prispolitikken vart ikkje ført vidare etter 1945. Innkjøpsprisen til Statens kornforretning vart no politisk regulert til under prisen på verdensmarknaden, til store protestar frå den borgarlege opposisjonen. Den låge kornprisen førte til eit historisk lågsmål for korn dyrkinga i 1948. Rasjoneringa av matmjøl vart oppheva i 1949, og etterspurnaden steig. Til importen trongs hard valuta, og regjeringa Gerhardsen endra no kornpolitikken. For å stimulere norsk korn dyrking heva ein prisen frå og med priskeforhandlingane i 1950, og det vart inngått avtale om at kiloprisen for kveite ikkje skulle vera lågare enn 1,5 gonger gjennomsnittleg literpris for mjølk.³ Dette innleidde *kannaliseringspolitikken*. Kornprisen vart heretter nytta for å få til omlegging frå husdyrhold til kornproduksjon. Ein sideverknad av denne prisstimulansen til norsk korn var at fôret til hesten vart dyrare, mens både fallande oljeprisar og refusjon av bensinavgifta gjorde drifta av bensintraktoren billegare.⁴ Produksjonen av matkorn vart stimulert spesielt, men kveitedyrkinga gjekk likevel attende på 1950-talet.

Det meste av auken i kornproduksjonen gjekk til karbohydratkraftfôf, der den norskavla delen auka frå 42 prosent i 1952 til 55 prosent i 1960 (sjå tabelldelen bak i bok). Men den norskproduserte delen av proteinkraftfôret minka samtidig frå 47 prosent til 21 prosent på grunn av at sildemjøl vart erstatta av importert soyamjøl. Samtidig auka det totale kraftfôrforbruket frå 603 000 tonn til 866 000 tonn. Da rasjoneringa av kraftfôr vart oppheva i 1956, vart det innført ei avgift på kraftfôr, som gjekk inn i eit *kraftfôrfond*. Midlane i dette fondet vart mellom anna nytta til rabatt på eit visst kvantum kraftfôr, noe som fekk mest å seia for bruk med lite areal og få dyr. Formålet med denne toprioridninga, som varte til 1975, var både å hindre ein for rask produksjonsauke og å sikre ei utjamning mellom store og små bruk. Kraftfôrfonder, som hadde eit eige styre der faglaga i jordbruket hadde fleirtal, vart nytta til å finansiere fleire av verkemidla under jordbruksavtalen, til dømes avensningsritak, bygging av reguleringsanlegg og fraktnilskort.⁵ At næringa kunne disponere over denne indirekte skattelegginga, gjorde at avtaleforhandlingane på 1950- og 1960-talet kunne gjennomførast utan eiga handsaming i Stortinget. Budsjettløyvningane i avtalen var lagde inn i statsbudsjetta.⁶

Mens husdyrproduksjonen på slutten av 1950-talet stanga mot marknadstræk, var det rom for bruk av meir norsk korn i kraftfôrproduksjonen. Kannaliseringspolitikken, saman med dei relative områdefordelane,



God pris på korn lokka bondene i dei beste jordbruksdistrikta til å skilte frå allsidig husdyrhold til ein sidede kornproduksjon. I omlegningsperioden vart det mange auk-sjonar, som her på Ullensaker Pleisjøen i 1963, der forpakaren av den kommunale garden hadde bestemt seg for å auvikle mjølkproduksjonen og satse på korndyrking. Bondet frå helle Romerike hadde møtt fram for å sikre seg eit godt kjøp.

førte til at det utvikla seg spesialisert kornproduksjon i dei gode jordbruksbygdene på Austlandet og på flatbygdene i Trøndelag. Skuttraskaren gjorde også sitt til at mange større gardbrukarar på flatbygdene fann det formålstrenleg å spesialisere seg på korndrift framfor den arbeidskrevjande mjølkproduksjonen med leigd hjelp. Jordbruket i dei andre landsdelane spesialiserte seg på husdyrproduksjon. Det allsidige vekstskiftet mellom gras og korn som var vanleg heilt nord til dei midtre delane av Troms, vart avløyst av spesialisert grasproduksjon. Balansen mellom

kornpris, korntrygd, kraftfôravgift og kraftfôrrabatt vart i løpet av 1950-talet utvikla til eit finsittle instrument for regulering av produksjon og innretker i dei ulike driftsformene. Denne korn- og kraftfôrordninga, som var ferdig utvikla ved jordbruksavtalen 1958-61, varte i grove trekk heilt fram til jordbruksoppgjeret i 1991.

Etter krigen forsvann rugbrødet nesten heilt frå norsk kosthold. Det brune surdeigbrødet gav for mange ein sterk assosiasjon til rasjonering, krigsøkonomi og «smalhans», som dei ville kvitte seg med. Kvitt mjøl av kvete har alltid vore sjeldan og ettertrakta i vårt land, og meir bruk av det vart assosiert med framstega i etterkrigstida. I dei første etterkrigsåra kom det forslag om å starte norsk sukkerproduksjon frå roer, men planane vart raskt skrinlagde. I denne samanhengen vog den korte vekstsesongen i Norge og at det trongs store investeringar i eit industrielt raffineri, tyngrer enn omsynet til sjølvberging i ein krisesituasjon. Interesse i jordbruket var heller ikkje særleg stor, med unntak av dei beste bygdene rundt Oslofjorden.

Eit langt sprang i avling og avdrått

Takk vere dei nye innsatsvarene auka avlingar og avdrått i jordbruket raskt, men jordbruket vart også innovøi og avhengig av den nasjonale økonomien og verdsokonomien på ein tettere måte enn før. Gardsitifra og landet vart meir avhengige av eit økonomisk overskott som innsatsvarene kunne kjøpast for. Til å kjøpe råvarer til kraftfôret trong landet valutainnreker.

Kunstgjødsel og kraftfôr førte til ei intensivering av produksjonen på kvart bruk og forsterka spesialiseringa mellom ulike brukstypar og landsdelar frå 1960-talet, og produksjonen pr. dekar og dyr auka jamt i dei første etterkrigsåra. Særleg auka engavlingane mye, frå knapt 460 kg høyr pr. dekar i gjennomsnitt i 1945 til vel 600 kg pr. dekar i 1960. Her var det store variasjonar mellom landsdelane. Dei beste grasavlingane finn vi i dei nedbørrike vestlandsfylka frå Rogaland til Møre og Romsdal, mens avlingane er minst i dei nordnorske fylka på grunn av den korte vekstsesongen. Betre opparbeiding av jorda, nye grassortar og meir gjødsling gjorde sterkt utslag på avlingsnivået. Haustutbyttet pr. dekar for korn, gras og poteter auka frå knapt 200 fôreiningar i fredsåret til 280 fôreiningar i 1960.

Avdråttan pr. ku auka relativt enda raskare, frå 1400 kg pr. ku i 1945 til 2680 kg i 1960, og for geit frå 179 kg pr. mjølkegeit i 1946-47 til 300 kg i 1959-60. Auken i avdrått pr. mjølkeku var sterkast på seksittallet og heldt fram på syttittallet, før han kulminerte sist på 1980-talet.